

## **Vedlegg 7.5 kopi av innspel til høyring av planprogram for Øksnesmarka**

1. Statsforvaltaren
2. Fylkeskommunen
3. Fiskeridirektoratet
4. Aksjonsgruppa «Nei til rasering av Øksnesmarka og Åråsvågen» v/Tore Svendsen
5. Bygdelista i Austrheim v/ Jan Erik Espelid
6. Forum for natur og friluftsliv
7. Nordhordland turlag
8. Ola Moen
9. Vidar Mjøs
10. Åråsvågen velforening



NORCONSULT AS AVD FØRDE  
Poststboks 514  
6803 FØRDE

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352  
Solveig Kalvø Roald, 5557 2327

## Uttale til oppstart av reguleringsplan for Øksnesmarka i Austrheim

Vi viser til melding om oppstart med planprogram for detaljregulering av næringsområdet N18 i Øksnesmarks. Det skal utarbeidast ei konsekvensutgreiing i samband med planarbeidet.

### Føremålet med planen

Føremålet med planarbeidet er regulering til næringsføremål for å utvikle arbeidsplassar og nye næringar til det grønne skiftet som mellom anna er prioritert satsing i Vestland fylkeskommunen sin utviklingsplan. Området er på ca. 500 daa.

Noverande framlegg er å nytte området til landbasert oppdrett eller andre former for tilknytte næringar innan havbruk, blågrøn profil, grøn industri avfall/slamhandsaming/biogass, forproduksjon, desaltingsanlegg.

Det er ikkje tenkt utfylling i sjø eller etablering av hamn ut i sjøen. Ønska løysing er å etablere ei lagune/sprengje seg inn i området og etablere kai. Overskotsmassar er tenkt deponert/levert lokalt – til veg og ev. andre prosjekt. Når det gjeld utslepp til sjø er det tenkt høg reinsegrad/berekraftige løysingar.

Planframlegget vil ikkje vere direkte tiltaksretta, men legg rammer for seinare tiltak. Planen er føresett å vere avklarande i høve arealbruk og naudsynte arealbruksavklaringar vert gjort gjennom planprosessen. Ev. tiltaksretta utgreiingar er føresett gjort gjennom ev. konsesjonshandsaming der fylkeskommunen er ansvarleg myndigheit.

I og med at det ikkje er teke endeleg avgjerd om type verksemd, må planen legge til rette for gjennomføring av ulike moglegheiter, inkl. planering av landareal/uttak av massar. På land vil framtidig arealføremål truleg vere næring (kode 1300).

### Statsforvaltaren sine merknader

I revisjonen av kommuneplanen si arealdel, vedtatt i 2019, var Statsforvaltaren, då Fylkesmannen, kritisk til at Øksnesmarka skulle ha næringsformål. Dette hadde samband med at arealet har store



verdier med tanke på friluftsliv, strandsone og naturmangfold. Særleg naturmangfoldverdiane sto fram med særleg stor verdi, og til tredje gongs offentleg ettersyn skreiv vi mellom anna:

*«Øksnes må klassifiserast som eit naturområde av nasjonal verdi. I alle fall delar av området inngår som kystlynghei som er ein sterkt trua (EN) og utvald naturtype etter naturmangfoldlova § 52. Reglane for utvald naturtype av naturmangfoldlova § 53 gjeld også førekomstar som ikkje endå er kartlagde og registrerte inn i naturbase.*

*Ut frå flyfoto og anna kartgrunnlag, kan det sjå ut til at det i tillegg kystlynghei er areal som kan klassifiserast som naturtype naturbeitemark (VU-sårbar). Typisk er det ein naturtype som inngår i mosaikken med kystlynghei, myr og våtmark. Det er ofte mange beitemarksoppar knytt til naturbeitemarkene. Mange av desse artane er trua. Det er stort potensiale for slike naturverdier i planområdet.*

*Det gjeld også den trua naturtypen kystnedbørsmyr og/eller rikmyr (EN) som er ein del av denne mosaikken. Det meste av myr i Europa er drenert og øydelagt. Det er i Noreg vi har dei fleste intakte førekomstane og dermed dei mest verdifulle nedbørsmyrane. Såleis har vi eit særleg forvaltingsansvar for naturtypen. Dei siste åra har regjeringa også satt av ressursar til å restaurere myrar som allereie er drenerte både i eit klimaperspektiv og for å betra levekåra for artsmangfaldet. Ein stor del av myrområda i låglandet i Norge er allereie drenerte og øydelagde. Såleis vert det også i dette perspektivet særleg viktig å ta vare på variert mosaikk med trua natur representativt for kystnaturen i Austrheim og Nordhordland. Det er i løpet av 2016 og 2017 gjort fleire funn av den sterkt trua (EN) sommarfuglen breibandpraktviklar innanfor planområdet. Arten er svært sjeldan på Vestlandet og er knytt til lynghei og planta kusymre hjå oss. Basert på artsfunn registrert i Artskart er det mykje som tyder på at planområdet utgjer eit tyngdepunkt for utbreiinga i Norge. Området er ein av to registrerte førekomstar i Hordaland og den nordlegaste for arten i Norge. Fordi breibandpraktviklaren er sterkt trua og Øksnesmarka er ein særleg viktig levestad for arten, vert førekomstane her særleg viktige om vi skal nå forvaltingsmålet om å sikre arten på lang sikt i Norge jf. naturmangfoldlova § 5 om forvaltingsmål for artar. Konsekvensen av ei utbygging av næringsområdet på den sterkt trua breibandpraktviklaren og sannsynlege førekomstar av dei trua naturtypane kystlynghei, kystmyr og naturbeitemark, vil vere ei øydelegging av desse nasjonalt viktige naturkvalitetane.»*

I dialogmøte med Austrheim kommune, meinte kommunen at det var svært viktig for kommunen å behalde arealet som næringsareal. Statsforvaltaren hadde forståing for dette, men var klar på at det er viktige nasjonale interesser i området. Dette gjeld særleg naturmangfold, og særleg den sterke trua breibandpraktviklaren. Statsforvaltaren var klar på at ein ikkje kan nytta området på ein slik måte at arten ikkje overlever i Øksnesmarka. Det var semje om at det må ytterlegare utgreiingar til før ein eventuelt kan nytte område til næring. Det vart diskutert om ein skulle krevje fleire utgreiingar før ein eventuelt kunne leggje ut område som næring i kommuneplanen eller om utgreiingskrava skulle leggjast til reguleringsplannivå. Det er noko problematisk å leggje ut eit næringsareal i kommuneplanen som ikkje fult ut er klarert og som ved vidare utgreiing kan visa seg og kome i for stor konflikt med naturmangfold i området. Dette kan skapa ein forventning om å få bygge. Det vart likevel konkludert med at ein kan gjere det på denne måten, etter eit sterkt ønske frå kommunen. Det må då leggjast inn eit føresegn i kommuneplanen som sikrar dette på ein god måte.

På bakgrunn av dette vart føresegn 2.1.3 bokstav J utforma:

*«Næringsområdet N18 Øksnesmarka er eit potensielt næringsområde som ikkje er tilstrekkeleg utgreidd til å kunne nyttast til utbygging. Før det kan gjevast løyve til å nytte området eller deler av området til formålet næring, må det utarbeidast reguleringsplan med utfyllande konsekvensutgreiing som grunnlag*



*for vurdering av bruken av området. Konsekvensutgreiinga skal m.a. innehalde utgreiingar om naturmangfaldet der det inngår kystlynghei, naturbeitemark, kystnedbørsmyr og sommarfuglen breibandpraktviklar.»*

Statsforvaltaren vil etter dette presisere at konsekvensutgreiinga i denne saka, ikkje berre skal sjå på korleis skade skal minimerast, men også reelt vurdere om verknader på nasjonale verdiar i området er for store til at området kan nyttast til næring.

#### Verknad av planen

Planprogrammet avklarar ikkje kva verksemda som er aktuelt for området, sjølv om nokon aktuelle typar verksemder er nemnd. Vi gjer merksam på at det er krevjande å utarbeide ei god konsekvensutgreiing og plan, når ein ikkje heilt veit kva ein gjer konsekvensutgreiing for. Planen må ha gode føresegnar som avklarar kva type verksemder som kan etablere seg. Planen kan ikkje opne for tiltak som ikkje er utfyllande vurdert og der verknadane er tilstrekkeleg skildra i konsekvensutgreiinga og ROS-analysen.

#### Nasjonale føringar

Under kapittel om nasjonale føringar i planprogrammet er Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging ikkje nemnt. Denne må ligge til grunn for planarbeidet.

#### Naturmangfald

I utgreiingsprogrammet står det at konsekvensar for naturmiljøet, biologisk mangfald og vassressursar er aktuelle problemstillingar. Vi legg til grunn at dette inkluderer kystlynghei, naturbeitemark, kystnedbørsmyr og breibandpraktviklaren slik føresegna i kommuneplanen krev. Slik vi ser det, vil det vere naudsynt å hente inn ny informasjon om mellom anna breibandpraktviklaren. Det kan også vere naudsynt med nye registreringar for å vurdere om det er naturbeitemark og kystnedbørsmyr i området, og kva verdi desse eventuelt har.

#### Kystlynghei

Naboareala til planområdet registrert som naturtype kystlynghei (UN), og det er utarbeidd skjøtselsplan for desse areala. For at naturtypen kystlynghei skal kunne takast vare på må areala skjøttast på ein bestemt måte, som inkluderer beiting og brenning. I konsekvensutgreiinga og/eller ROS-analysen må ein sjå på om det er konflikstar mellom mogleg verksemd i planområdet og denne skjøtselsforma og eventuelle negative verknader på området med kystlynghei må utgreiast.

#### Bredbandpraktvikler

Det ser ut til at område der denne arten er registrert i hovudsak ligg utanfor område der det er søkt om regulering no. I denne prosessen må det gjerast ei utvida registrering i området for å vurdere den totale utbreiinga til denne arten i dette området. Sjølv om leveområda til arten skulle ligge utanfor planområdet må det likevel gjerast ei vurdering av korleis planforslaget vil kunne påverke leveområda til breibandpraktviklaren (til dømes ved fragmentering av areal, konflikt med ønska driftsformer mm.) Det må mellom anna vurderast om tilkomstvegen vil kunne ha uheldig påverknad på leveområda.

#### Vassmiljø

Om planen skal opne for landbasert oppdrett eller andre former for havbruk, så må det vurderast om området er eigna for dette. Dette er eit plantema, og avklaringane skal ikkje utsettast til ein eventuelt konsesjonshandsaming. Både tilgang på vatn og om resipienten er eigna for utslepp må vurderast. Vi gjer merksam på at sjølv om ein legg opp til høg grad av reinsing, kan likevel utslepp frå eit landbasert oppdrettsanlegg verte betydeleg. Tilstanden i vassførekomsten må vurderast, og



sjåast i samanheng med planar om liknande verksemd elles i området. Det må etter vårt syn gjerast ei samla vurdering av konsekvensar på vassførekomsten frå alle planlagde tiltaka. Verknad på naturmangfald i sjø må også vurderast.

#### Anadrom fisk

Når det gjeld tilhøve for anadrom fisk er det særleg viktig å avklare kvar det er gyte- og oppvekstareal, og om desse kan bli påverka og evt. korleis. Det er og viktig å avklare om høve for fiskevandring kan ivaretakast. Det bør også vurderast kva risikoen er, for spreing av sjukdomar og rømming frå eit eventuelt landbasert oppdrettsanlegg.

#### Strandsone, landskap og friluftsliv

Området har stor verdi for friluftsliv, og deler av området er registrert som eit svært viktig friluftsområde. Øksnesmarka er del av eit større område med få inngrep, og næringsområdet vil ligge midt i dette område, og splitte det opp. Slike inngrepsfrie områder er viktige for både naturmangfald, friluftsliv og landskap. Deler av planområdet ligg også i strandsona.

I Statleg planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona lang sjø, stå det mellom anna at ved lokalisering av næringsareal bør det vektleggast om næringsverksemda som bidrar til økt lokal verdiskaping treng tilgang til sjø. Det står også at landskapet langs kysten er viktig som grunnlag for opplevingar og kjelde til identitet og livskvalitet for innbyggjarane. Ved planlegging må det tas omsyn til å bevare landskapskvaliteter og å tilpasse det bygde miljø til omgivnadane.

Det er viktig at ein i planarbeidet vurderer både kva verdiar som er i området, og kva verknad planen vil ha for viktige tema som strandsona, landskap og friluftsliv.

#### Lagune

Planprogrammet legg opp til at det kan sprengast ei lagune for å etablere kai. Vi forstår det slik at dette er tenkt i staden for utfylling i sjø og etablering av hamn der. Vi kan ikkje sjå at det er gått nærmar inn på kvifor ein ønsker denne løysinga. Vi meiner det må vurderast grundig om dette er den beste løysinga med tanke på graden av inngrep det blir lagt opp til. Er det gjort kost-nyttevurdering som synleggjer kvifor det skulle vere behov for tiltak av eit slikt omfang?

Det må gjerast ei grundig risikovurdering av utførelse av denne lagunen med tanke på å redusere partikkelforureining til sjø og mot tilgrensande gytefelt for torsk.

Det er viktig at mengder massar som må sprengast for ev. å etablere denne lagunen (hamna) vert dokumentert og bruken av overskotsmassane må utgreiast.

#### Massehandtering

Vurderingane av massehandtering bør omfatta mengd og kvalitet på massar som oppstår eller skal disponerast (massereknskap), handtering og disponering i tråd med avfallspyramiden, behov for areal til handtering, lagring og disponering, konsekvensar for klima, ureining og naturmangfald, og plangrep og krav for å redusere konsekvensane.

Bygge- og anleggstiltak bør i utgangspunktet planleggast med sikte på å oppnå intern massebalanse. Det bør som del av detaljreguleringsplanen lagast ein massedisponeringsplan i tråd med prinsipp i avfallspyramiden om å prioritera reduksjon, gjenbruk og materialgjenvinning. Berre massar utan gjenbruks- eller gjenvinningspotensiale bør deponerast.

Det bør setjast av tilstrekkeleg areal for mellomlagring og sortering av massar innanfor planområdet.



### *Overskotsmassar av jord og stein er rekna som næringsavfall*


I rettleiaren til Miljødirektoratet om massehandtering [1243/2018](#), er det klargjort at overskytande jord- og steinmassar frå samferdselsutbygging og andre anleggsarbeid normalt skal reknast som næringsavfall og disponerast i tråd med avfallsregelverket.

### *Vurdering av massehandtering i planprosessen er viktig for å bidra til berekraftig massehandtering*

Målet i ureiningslova er at avfall skal føra til minst mogleg skade og ulempe. Det skal om mogleg gjenvinnast, helst ved ombruk eller materialgjenvinning.

Berekraftig masseforvaltning i tråd med reglane i ureiningslova tek utgangspunkt i avfallspyramiden, også kalla ressurspyramiden. Det mest berekraftige er å sikra mest mogleg massebalanse i prosjektet, sjølv om dette ikkje skal gå utover gode løysingar. Deretter skal ein vurdera tiltak for størst mogleg gjenvinning. Dersom dette ikkje er mogleg kan massane brukast til utfylling på land eller i sjø. Siste utveg er å deponera massane på eit godkjent deponi.

Dette er vist under i ressurspyramiden for masseforvaltning laga av Asplan Viak.



Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019–2023 har òg føringar for berekraftig masseforvaltning (side 18 om mineralressursar); «Uttak av byggeråstoffer (pukk, grus, sand) til bygge- og anleggsformål med korte transportavstander og reduserte klimagassutslipp, er viktig. God arealplanlegging kan bidra til dette. I tillegg er det viktig at mineralske masser av god kvalitet gjenvinnes som byggeråstoffer, der dette er mulig. Dette kan redusere presset på bynære grus- og pukkressurser og behovet for massetransport. En helhetlig vurdering av massehandtering i plansammenheng kan være et nyttig virkemiddel for å avklare dette.»

Rettleiaren til Miljødirektoratet om massehandtering [1243/2018](#) har informasjon om korleis ein kan leggja til rette for gjenvinning. Her er det mellom anna vist til at tilrettelegging kan omfatta:

- å sørga for at det tidleg i planprosessen vert sett av tilstrekkeleg areal til mellomlagring, sortering og eventuell behandling av massane som er venta å oppstå
- god karakterisering av bergartar og grunn på førehand, for å vurdera aktuelle bruksområde og for å skilja mellom stein eller andre massar av god og mindre god kvalitet
- kartleggja og inngå avtalar med utbyggjarar som vil trenga utfyllingsmassar i den aktuelle tidsperioden, eller lokale aktørar som driv masseuttak (slik som pukkverk, grustak o.l.)
- velja metodar for uttak av stein som legg til rette for planlagt bruk



*Ureina overskotsmassar må leverast til godkjent mottak*

Ved anleggsarbeid vil det normalt også oppstå massar som inneheld ureining over normverdien i kap. 2 i ureiningsforskrifta. Slike massar kan uansett ikkje disponerast lokalt, men må leverast til godkjent anlegg.

Konklusjon

Det vart i kommuneplanen ikkje gjort tilstrekkelege gode vurderingar for å konkludere med at området ikkje vil tilsidesette nasjonale verdiar. Desse vurderingane skal gjerst i denne planprosessen.

Det er store verdiar i området, og konsekvensutgreiinga må vurdere alle relevante tema grundig, for at ein skal kunne ta endeleg stilling til kva tiltak som kan gjerast i området, utan at viktige statlege og regionale omsyn vert sett til side. Vi trekkjer særleg fram omsynet at breibåndpraktviklaren skal ha eit godt og fungerande leveområde også etter ein eventuell utbygging. Det er også avgjerande at det vert mogleg å drive skjøtsel av kystlyngheia ved sida av planområdet, med brenning og beiting. Verknadane av tiltak som planen legg opp til må vere vurdert tilstrekkeleg i konsekvensutgreiinga og ROS-analysen. Vi vil vere opne for ein dialog under vegs i prosessen, dersom kommunen ønskjer det.

Med helsing

Egil Hauge  
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Austrheim kommune  
Vestland fylkeskommune

Kommunehuset  
Postboks 7900

5943  
5020

AUSTRHEIM  
BERGEN

NORCONSULT AS  
Postboks 514  
6803 FØRDE

---

Dato	18.08.2022
Vår referanse	2022/61637-8
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Arvid Hauge
E-post	Arvid.Hauge@vlfk.no
Telefon	

## Fråsegn til oppstartsmelding og planprogram for reguleringsplan for gnr. 160 og 161, næringsområde N 18 Øksnesmarka, planID 2021003, Austrheim kommune

Vi viser til brev datert 03.06.22 om oppstart av arbeid med detaljregulering for gnr. 160 og 161, næringsområdet N 18 Øksnesmarka, planID 2021003, Austrheim kommune, med planprogram. Hovudføremålet med reguleringa er å regulera til næringsføremål for å leggje rammar for seinare tiltak knytt til utvikling av arbeidsplassar og nye næringar knytt til det grønne skiftet. Føremålet er dels i samsvar med og dels i strid med kommuneplan der området er sett av til næring og industri med krav om detaljregulering og konsekvensutgreiing, hamn og LNF-område. Kommunen har vurdert at planen utløyser krav om konsekvensutgreiing.

### Vurdering og innspel

Vestland fylkeskommune vurderer planprogrammet/oppstartsmeldinga ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar. For kommunar i gamle Sogn og Fjordane og Hordaland gjeld dei vedtekne regionale planane innanfor dei tidlegare fylkesgrensene fram til desse vert avløyrt av nye planar i Vestland.

### Planfaglege innspel

Føremålet med krav om konsekvensutgreiingar er å klargjere verknadene av planar og tiltak som kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn. Det er viktig at alle aktuelle tilhøve vert vurdert opp mot dette. Fylkeskommunen er positive til at det skal utarbeidast ROS-analyse og konsekvensvurdering i samband med planlegginga, og vi finn at forslag til tema som vil handsamast i konsekvensutgreiinga i hovudsak dekkjer dei tema som er naturleg å gjere greie for.

Føremålet med planen er i følgje planprogrammet mellom anna:

«Noverande framlegg er å nytte området til landbasert oppdrett eller andre former for tilknytte næringar innan havbruk, blågrøn profil, grøn industri avfall/slamhandsaming/biogass, forproduksjon, desaltingsanlegg.»

Det er nasjonalt viktige naturkvalitetar i og ved planområdet. Sterke interesser innan friluftsliv, strandsone og naturmangfald gir utfordringar for planarbeidet. Sidan planarbeidet ikkje spesifiserer ein konkret verksemd, er det vanskeleg å vurdere direkte konsekvensar av tiltak.

Konsekvensutgreiinga må difor vurdere både minimering av skadeverknader og om verknader på dei nasjonalt viktige naturkvalitetane i området er for store til at ein kan tillate næringsverksemd i området.

Ein må avklare kva type verksemd som kan tillastast etablerast i området. Planen må ikkje opne for tiltak som ikkje er utfyllande vurdert og verknadene tilstrekkeleg skildra i ROS-analyser og konsekvensutgreiing. Nasjonale og regionale føringar må leggjast til grunn for arbeidet.

Sjølv om nye næringar knytt til det grønne skiftet er ei prioritert satsing i Vestland fylkeskommune si utviklingsplan må og andre tilhøve og omsyn vurderast og vektast før ein kan tillate næringsverksemd i området.



### Landskap og naturmangfald

All utbygging har verknad på landskapet. Planlegginga må difor sikre at terrenginngrep, byggjetiltak og infrastruktur innordnar seg dei fysiske omgjevnadene, for å redusere eventuelle negative verknader.

Naturverdiar og biologisk mangfald må omsynstakast og søkast bevarast i størst mogleg grad. Det er nasjonalt viktige naturkvalitetar i og ved planområdet. Dette gjeld mellom anna sårbare naturtypar som kystlynghei og kystnedbørsmyr. Det er vidare registrert leveområde for fleire sårbare sommarfuglartar – mellom anna den sterkt truga Bredbåndpraktvikler.

Ein må vurdere om det krevst nye registreringar for å kunne vurdere naturverdiane i området.

Drift og vedlikehald av kystlynghei må ikkje verte hindra av eventuelle tiltak.

### Strandsone

Strandsona er ein avgrensa ressurs der det er viktig at omsynet til ålmenn tilgjenge vektleggast sterkt. Fylkeskommunen viser til det generelle byggeforbodet i 100-metersbeltet (jf. §1-8 i pbl) og at vernet om strandsona og verdiane i desse areala har fått skjerp verna. Dette kjem fram av både plan og bygningslova §1-8 og dei nasjonale retningslinjene for forvaltning av strandsona. For oppdaterte føringar visar fylkeskommunen til nye SPR for strandsoneforvaltning, Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen - regjeringen.no

Vi viser vidare til digital rettleiar for planlegging i strandsona:

<https://storymaps.arcgis.com/stories/0e5bbcae4818457fb91e9d6e83651d29>

Denne er eit bidrag for å gjere det enklare i den kommunale planlegginga å komma statlege planretningslinjer og andre regionale og statlege føringar i møte.

Bygging og landskapsinngrep bør unngås på areal som har betydning for andre omsyn, for eksempel ferdsel, landskapstilpassing og friluftsliv.

Ved justeringar i arealbruk og vidare utvikling av planområdet forutsett fylkeskommunen at alle tilhøve i samband med marine tilhøve og påverknad av desse vert vurdert i planen.


### *Hamn*

Det planleggast utvikling av hamn, dels ved utsprenging og bygging av molo («lagune»). Verknader av ei eventuell utsprenging på greiast ut. Verknad på fiskeri og marint mangfald må avklarast. Konsekvensar ved akvakultur må og greiast ut.

### Friluftsliv

Området har gode kvalitetar for friluftsliv. Ein må søke å verne om kvalitetar som tilfører området gode eigenskapar for friluftsbruk og opplevingar.

Vestland fylkeskommune anbefalar å nytta seg av fylkesatlasen, <http://fylkesatlas.no>, som gir informasjon om kartlagde og verdsette friluftsområde i fylket – sjå illustrasjon under:



Eksempel frå fylkesatlas med tekst/vurdering av arealet som går inn i planområdet.

Auka tilgjenge for friluftsliv vil leggje tilhøva betra til rette for turmoglegheiter og vera med på å freista folk til å nytta området for rekreasjon og tur. Dette er positivt i høve til fylkeskommunens folkehelse mål. Ein må vurdera eventuelle eksisterande turløyper, og korleis desse kan takast vare på.

### Klima

Havnivåstiging / Strandsone

Ved all utbygging nær sjølina er det viktig å gjere vurderingar knytt til framtidens klima, og forventa endringar på stormflo og havnivåstiging. Fylkeskommunen viser til **klimaplan for Hordaland** (<https://www.vestlandfylke.no/globalassets/planlegging/regionale-planer/klimaplan-for-hordaland-2014-2030.pdf>) for ytterlegare informasjon og råd for planlegging til eit endra klima.

### *Overvasshandtering:*

Endringar i klima med meir totalt nedbør og meir intenst nedbør vil auke utfordringar med handtering av overvatn. I større utbyggingsområde vil naturlege avrenningsvegar og vegetasjonsmessege fordrøyningar endrast eller fjernast, noko som kan ha stor effekt på overvassituasjonen. Det er difor svært viktig at det allereie frå tidleg planlegging rettast eit særleg fokus på korleis overvatn skal handterast i planområdet.

### *Massehandtering*

Plan for massehandtering må utarbeidast i tråd med gjeldande forskrifter og føringar. Dette inneberer mellom anna handtering av overskotsmassar, gjenvinning, utfylling og deponi. Massehandtering skal vere berekraftig.

### Kulturminne

Dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø skal gjerast på eit tidleg stadium i all arealplanlegging. Dette inneber at kulturminne og kulturmiljø vert omtalte, verneverdiane vurderte

og teke omsyn til i det vidare planarbeidet. Verknader planen får for kulturminneverdiane i området skal utgreiast i planprosessen.

I Nye mål i kulturmiljøpolitikken — Engasjement, berekraft og mangfald, Stortingsmelding 16, (2019- 2020), vert kulturmiljø vektlagt som ein del av berekraftig by- og stadutvikling. Den fastsette nye nasjonale mål og ny kulturmiljøpolitikk, der kulturmiljøomgrepet understrekar heilskap og samanheng framfor enkeltobjekt. Med bakgrunn i denne stortingsmeldinga er det naturleg å sjå det aktuelle planområdet i samanheng med omgjevnadene rundt. I tillegg til fornminne, marine kulturminne og bygningar/bygningsmiljø, er det viktig å få kartlagt og utgreidd til dømes tekniske kulturminne, steingardar, gamle ferdselsårer, utmarksminne, og andre kulturlandskapstrekk.

Dersom planforslaget er i konflikt med nasjonale og vesentlege regionale kulturminneverdiar kan Vestland fylkeskommune fremje motsegn til planen ved offentleg ettersyn. Vi gjer merksam på at det vil vere ein fordel for tiltakshavar å klarleggje spørsmål omkring kulturminneverdiar i området på eit tidleg tidspunkt i planprosessen og vi rår tiltakshavar til å gå i dialog med regionalt kulturminnemynde for å finne gode løysingar før planen vert lagt ut på høyring.

Kulturminne og kulturmiljø er ein ikkje-fornybar ressurs som skal vernast i ein heilskapleg miljø- og ressursforvaltning. Både som vitenskapleg kjeldemateriale og synlege element i omgjevnadane, skal desse ressursane gje varig grunnlag for nolevande og framtidige generasjonar sin kunnskap om kulturarv, sjølvforståing og identitet. Knytt til lokal samfunnsutvikling er kulturminne og kulturmiljø kjelde til trivsel, oppleving og verdiskaping. Austrheim kommune har lagt ned mykje godt arbeid med sin kulturminneplan/kulturmiljøplan som ikkje er ferdigstilt. Kulturmiljøplanen er eit viktig plandokument som er med å gi kommunen god oversikt over kulturminne og kulturmiljø.

Planområdet er særleg rik på kulturminne, kulturmiljø og landskap. Når det gjeld viktige og heilt sentrale dokument, vil vi vise til Riksantikvaren sin klimastrategi for kulturmiljøforvaltninga 2021-2030. Når det gjeld konsekvensutgreiing må freda kulturminne og kulturminne frå nyare tid skildrast, og konfliktgraden mellom utbygging/tiltak på land og i sjø og kulturminne bli avklart (jf. Riksantikvaren sin rettleiar for konsekvensutgreiing: <https://www.riksantikvaren.no/nyveilederkonsekvensutredninger-av-klima-og-miljo/>).

#### Varsel om kulturhistorisk synfaring

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne i planområdet. Ut frå potensiale for nye funn frå steinalder i planområdet, må vi gjennomføre ei synfaring før vi kan gje fråsegn til planen. Vi gjer merksam på at det vil vere ein fordel for tiltakshavar å klarleggje spørsmål omkring kulturminneverdiar i området på eit tidleg tidspunkt i planprosessen.

Ved synfaringa vil ein vurdere om tiltaket kan kome i konflikt med hittil ikkje registrerte automatisk freda kulturminne, og ta stilling til om det er naudsynt med ei arkeologisk registrering for å få oppfylt undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova. Synfaringa av planområdet vil bli gjort så raskt som råd.

Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum.

Museet kjenner ikkje til kulturminne ved Øksnesmarka i Austrheim kommune som kan bli direkte råka av det omsøkte tiltaket. Me har heller ingen indikasjonar på at området har vore nytta som ankringsstad eller hamn i eldre tid.

Museet har derfor ingen merknader til den planlagde reguleringa.

Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

#### Samferdsel, infrastruktur og veg

Fylkesveg 568 Sævrøyvegen er ein smal einfelts veg med møteplassar. Den manglar tilbod til mjuke trafikantar. Veggen ligg innanfor haldningsklasse 3 og har ein viktig lokalvegfunksjon. Fartsgrensa er 80 km/t og ÅDT på strekninga er 650. Veggen har med andre ord ein relativt låg

trafikkmengd, men fartsgrensa er høg. Det er derfor ikkje uproblematisk for trafikktryggleiken med eit næringsområde som krev tilkomst for store køyretøy på denne strekninga. Mengda på trafikken og storleiken på køyretøya vil ha betydning for ROS-vurderinga av tema trafikktryggleik. Dette igjen vil avgjere om vi kan vere positive til tiltaket.

Avdeling for infrastruktur og veg bed generelt om at følgjande tema blir tekne omsyn til i reguleringsprosessen:

- Plassering og utforming av naudsynte tiltak knytt til fylkesveg (kryss, avkøyrslar, busslommer, tilbod til mjuke trafikantar m.m.)
- Tilhøva for mjuke trafikantar mellom varsla planområde og nærliggjande målpunkt (t.d. busshaldeplassar, skule m.m.)
- Byggegrenser til fylkesveg
- Tiltaket sine konsekvensar for vegtrafikken i bygge- og anleggsfasen, med særleg fokus på mjuke trafikantar
- Vegtrafikkstøy
- Tekniske vegteikningar i samsvar med Statens vegvesen sine handbøker skal føreligge før planen vert sendt på høyring. Det gjeld for tilknytingspunktet mot fylkesvegen.

#### Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre <https://www.vestlandfylke.no/planlegging/kommunal-planretteiing/> .

#### **Oppsummering**

Vestland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på landskap og naturmangfald, strandsone, friluftsliv, klima, kulturminne , infrastruktur og veg.

Ein må avklare kva type verksemd som kan tillatast etablerast i området. Planen må ikkje opne for tiltak som ikkje er utfyllande vurdert og verknadene tilstrekkeleg skildra i ROS-analyser og konsekvensutgreiing. Nasjonale og regionale føringar må leggjast til grunn for arbeidet.

Vi står til disposisjon viss ein skulle ha spørsmål rundt regionale plantema og vidare planprosess.

Med helsing

Eva Katrine Ritland Taule  
fagleiar  
SUD – Plan, klima og folkehelse

Arvid Hauge  
rådgjevar  
SUD - Plan, klima og folkehelse

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

Sakshandsamarar:

Arvid Hauge, avdeling for PKF - plan, klima og folkehelse  
Gunnbjørg Austrheim og Sigrun Wølstad, avdeling for KII - kulturarv  
Hege Løtveit, avdeling for INV – forvaltning og utgreiing

Kopi til:

Austrheim kommune

Statsforvaltaren i Vestland

Statens vegvesen

Sætremarka 2

Statens hus - Njøsavegen 2

Postboks 1010 Nordre Ål



Norconsult As  
Att: Arne Kringlen  
Postboks 626  
1303 Sandvika

## Austrheim kommune - Uttale til varsel om oppstart av regulering og høyring av planprogram - Detaljregulering av næringsområdet N 18 i Herskedal - Planid 2021003

Vi viser til brev datert 03.06.22 frå Norconsult AS med varsel om planoppstart for næringsområdet N 18 Herskedal i Austrheim kommune.

### Føremål og planstatus

Føremålet med planarbeidet er å regulere arealet til næringsføremål for å utvikle arbeidsplassar og nye næringar, til dømes landbasert opprett eller andre næringar innan havbruk, blågrøn profil, grøn industriavfall/slamhandsaming/biogass, fôrproduksjon og/eller desaltingsanlegg. Planframlegget legg rammar for seinare tiltak og i planprosessen skal arealbruk avklarast.

I følgje planprogrammet ser tiltakshavar på moglegheita for å etablere ei lagune/sprengje seg inn i området og etablere kai.

Planområdet er ikkje tidlegare regulert. Delar av området er i kommuneplanen sett av til næring/industri med krav om detaljreguleringsplan og konsekvensutgreiing. Konsekvensutgreiinga skal innehalde utgreiingar om naturmangfaldet.

### Fiskeridirektoratet sitt ansvar og medverknad

Fiskeridirektoratet er myndighetenes rådgjevande og utøvande organ innan fiskeri- og havbruksforvaltninga i Norge, og er ansvarleg for forvaltning av dei levande marine ressursane. Vår oppgåve i arbeidet med marin arealforvaltning er å ta vare på fiskeri- og havbruksnæringen sine interesser i planprosessar i kystsona, her under ivaretaking av marint biologisk mangfald ved å tilstrebe ei balansert og berekraftig bruk av kystsona. Fiskeridirektoratets regionar skal ivareta desse interessene i det regionale og lokale planarbeidet.

### Innspel frå Fiskeridirektoratet

Fiskeridirektoratet meiner oppstartsmeldinga er eit godt utgangspunkt for å følgje opp [Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging](#) på ein god måte. Generelt meiner vi meldinga er oversiktlig og at det klart kjem fram kva som er føremålet med planarbeidet.

Vi ser positivt på at konsekvensutgreiinga skal innehalde vurderingar av dei planlagde tiltaka der ein ser på konsekvensar både innanfor planområdet og utanfor (påverknadsområde). I følgje planprogrammet er eit alternativ å sprengje seg inn i område for å etablere kai. Det vil vere spesielt viktig å sjå på korleis sprengingsarbeid kan påverke sjøområdet i nærleiken med tanke på forureining av sjøbotn og spreining av partiklar, og kva avbøtande tiltak som er naudsynte for å ivareta ikringliggande miljø. Ein må også sjå på kva konsekvensar planlagd næring vil ha for marine interesser og marint miljø, som til dømes akvakultur, fiskeri og marint biologisk mangfald.

Planprogrammet skildrar at planprosessen skal opne for medverknad frå både offentlege mynde samt lag og foreiningar. Vi oppmodar til å invitere representantar frå Fiskarlaget og lokale fiskarar. Dei vil kunne bidra med nyttig og ikkje nødvendigvis offentleg registrert kunnskap om utbreiinga av marint biologisk mangfald.

#### Fiskeridirektoratet sin kartløyising Yggdrasil

På heimesida vår finn ein kartløyisinga [Yggdrasil](#) som inneheld fleire relevante datasett for planlegging i kystsona. Kartverktøyet inneheld både data frå Fiskeridirektoratet og andre etatar. Det er enkelt å søke opp relevant informasjon, vise data i kart og tabell, lage og dele kart over sjøområda og laste ned data i forskjellige filformat. Blant datasetta ein finn i Yggdrasil er Kystnære fiskeridata, Marint biologisk mangfold og Akvakulturregisteret (stedfesting og NYTEK). Under skildrar vi kva registreringar vi har funne i sjøområdet rundt planområdet, og som bør inkluderast i konsekvensutgreiinga.

#### *Kystnære fiskeridata*

- lokalt viktig gytefelt for torsk - Børilden
- fiske med aktive reiskap (rekestrål)
- Åråsvågen låssettingsplass

Fiskerimyndighetene er bekymra for bestanden av kysttorsk sør for Stad og det er innført ei rekke tiltak for å regulere fisket sør for 62°N. Forvaltninga har til no sett i verk tiltak for bevaring av gytefelt, vedtak om minstemål og forbod mot lysfiske. Kysttorsken gyt i perioden januar-februar til april og yngelen bunnslår og veks opp i grunne område (0 – 20 meter) i nærleiken av gytefeltet i perioden mai – juni. I dette tidsrommet er fisk og yngel ekstra utsett for ytre påkjenning, yngelen er særleg ømfintleg for steinstøv/partiklar frå sprenging og utfylling, og torskefisk er ekstra utsett for påverknad frå sprenging fordi dei har lukka svømmeblære.

På bakgrunn av dette føresett vi at det vert nytta avbøtande tiltak under sprenginga for å redusere spreining av partiklar til gytefeltet. Spreiingsarbeid bør gå føre seg på haust- og vinterstid (august – desember).

#### *Marint biologisk mangfold*

- større førekomstar av kamskjel

Vi føreset at tiltakshavar utfører arbeid med størst mogleg varsemnd, og at dei unngår unødvendig spreining av steinmassar på sjøbotn.

Ta gjerne kontakt dersom det er ønskjeleg med meir informasjon om Fiskeridirektoratet og marin arealforvaltning. Vi viser elles til [Fiskeridirektoratet sin heimeside](#).

**Fiskeridirektoratet ber om at våre innspel takast omsyn til og at vi får plan på høyring når den er klar for offentleg ettersyn.**



Med helsing

Anne Therese Alnæs Horn  
konstituert seksjonssjef

Charlotte Skeide Norseng  
rådgiver

*Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan handskriven underskrift.*





**Mottakarliste:**

Norconsult As

Postboks 626

1303

Sandvika

**Kopi til:**

Austrheim Kommune

Sætremarka 2

5943

Austrheim

Fiskarlaget Vest

Slottsgaten 3

5003

Bergen

Kystverket

Postboks 1502

6025

Ålesund

Statsforvaltaren I Vestland

Njøsavegen 2

6863

Leikanger

Vestland Fylkeskommune

Postboks 7900

5020

Bergen



Aksjonsgruppa  
«Nei til rasering av Øksnesmarka og Åråsvågen»  
Høgeberget 28, 5943 Austrheim

8/8 2022

Norconsult AS v/Arne Kringlen  
Postboks 514  
6803 Førde  
e-post: [Arne.Kringlen@norconsult.com](mailto:Arne.Kringlen@norconsult.com)

## UTTALE TIL PLANPROGRAM FOR ØKSNESMARKA

Aksjonsgruppa «Nei til rasering av Øksnesmarka og Åråsvågen» registrerer at det skal gjennomføres detaljregulering med planprogram og konsekvensutgreiing for deler av Øksnesmarka i Austrheim kommune. I den forbindelse er planprogram lagt ut til offentlig ettersyn og sendt på høring med høringsfrist 15. august 2022.

Aksjonsgruppa vil innledningsvis ta opp noen overordna saker før vi kommenterer «detaljene». **Åråsvågen** er ikke nevnt med et eneste ord i høringsdokumentene. Hvorfor ikke? Åråsvågen blir svært mye involvert i etablering av N18 og kan på ingen måte holdes utenfor i denne sammenheng. **Aksjonsgruppa forventer at Åråsvågen blir omtalt i planprogrammet likt som N18 med tilkomstvei.**

**Aksjonsgruppa viser** til pkt 2.1.3 bokstav J i forskriften til kommuneplanen der det bl a er å lese: «*Næringsområdet Øksnesmarka er eit potensielt næringsområde som ikkje er tiltrekkelig utgreidd til å kunne nyttast til utbygging.*» Når vi leser de dokumentene som er sendt på høring så er prosjektet veldig uklart beskrevet. Det nevnes at regulering av N18 til næringsformål er å skaffe arbeidsplasser. Men veldig uklart hvilke arbeidsplasser. I høringsdokumentene er det eneste konkrete som er nevnt, er at tiltakshaver selv skal være den første som skal etablere seg.

Aksjonsgruppa tar det som en selvfølge at Norconsult AS er kjent med kommunen sin egen bestilte rapport vedrørende konsekvensutredning, gjennomført av Multiconsult i forbindelse med kommuneplanbehandlingen, så vi kommenterer den ikke. Men jeg siterer fra den: «*Utfordringa er at Øksnesmarka har store verdier for naturmangfold, trua arter, viktige naturområder og friluftsområder. Dette er ikke-fornybare ressurser som ikke kan erstattes. Øksnesmarka tilrås fortsatt å være LNF.*» (min utheving).

Også at Statsforvalter hadde innsigelse mot N18 når kommuneplanen var til behandling vet selvfølgelig planlegger om. Planlegger kjenner også til at Statsforvalter trekker sin innsigelse i brev datert 28.03.2019. Det planlegger kanskje ikke vet, er at innsigelsen ble trukket uten at de momentene som lå bak Statsforvalter sin innsigelse var ryddet av veien av kommunen. De er der, den dag i dag! **Dette er av en slik karakter at planlegger må seriøst vurdere å tilrå tiltakshaver til å avslutte detaljreguleringsarbeidet! Vil Norconsult AS argumentere mot Multiconsult og Statsforvalter?**

Det blir nevnt at «noverande framlegg er å nytte området til landbasert oppdrett eller andre former for tilknytte næringar innan havbruk, blågrøn profil, grøn industri avfall/slamhandsaming/biogass, forproduksjon, desaltingsanlegg.» Men vi lesar vidare at: «Planframlegget vil ikkje vere direkte tiltaksretta, men legg rammer for seinare tiltak. Planen er føresett å vere avklarande i høve arealbruk og naudsynte arealbruksavklaringar vert gjort gjennom planprosessen. Ev. tiltaksretta utgreiingar er føresett gjort gjennom ev. konsesjonshandsaming der fylkeskommunen er ansvarleg myndigheit. I og med at det ikkje er teke endeleg avgjerd om type verksemd, må planen legges til rette for gjennomføring av ulike moglegheiter, inkl. planering av landareal/uttak av massar. På land vil framtidig arealføremål truleg vere næring (kode 1300).» Trolig være «næring» på land? Er det tanker om noe annet? **Planprogrammet må være helt konkret hva området skal brukes til.** Aksjonsgruppa aksepterer ikke «et tut og kjør» prosjekt! Til det står det for mye på spill med kommunen sitt største inngrepsfrie naturområde med sine utallige kvaliteter!

Også tidsperspektivet for prosjektet er veldig uklart. Hvor mange m<sup>3</sup> stein skal sprenges ut? Hvor lang tid skal dette skje over? Området skal tas i bruk etter hvert som det blir klargjort, lesar vi, og i første omgang av tiltakshaver. **Utbyggingsplanen m/tidsplan må tas med i planprogrammet.** Uten slik plan er Aksjonsgruppa redd for at prosjektet kun blir et gigantisk evigvarende steinbrudd uten at ny næring blir etablert. Hvem vil etablere seg i et aktivt steinbrudd?

I de Statlige planretningslinjene for samordna bolig-, areal- og transportplanlegging understrekes det at «klare grenser mellom utbygde områder og landbruks-, natur- og friluftsområder er viktig. Naturinngrepene bør samles mest mulig.» Aksjonsgruppa kan på ingen måte se at det planlagte inngrepet i Øksnesmarka med **nasjonale** naturverdier er i samsvar med disse retningslinjene! **Planprogrammet må krystallklart beskrive hva som trumfer disse retningslinjene.** Austrheim kommune har allerede tilrettelagt store industriområder ved Mongstad.

De Statlig planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen er å tydeliggjøre nasjonal arealpolitikk i 100-metersbeltet langs sjøen. Da Åråsvågen må komme med i planprogrammet forventer Aksjonsgruppa at disse retningslinjene blir behørlig kommentert.

Rikspolitisk retningslinje T-1442 - Miljøverndepartementet, Retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegginga.

Dersom det mot all sunn fornuft blir satt i gang utbygging av N18 så må det være en selvfølge at støyproblematikken blir tatt på alvor og at **planprogrammet vier dette stor oppmerksomhet.** Et industrifelt av planlagte dimensjoner vil nødvendigvis produsere mye støy både under anleggsperioden, som vil vare i flere år(!) og ikke usannsynlig i ettertid da det er uklart hvilke aktiviteter som eventuelt etableres på området. Aksjonsgruppa tenker her på at dette også kan bli et område for mindre båter som er i fart langs kysten og trenger reparasjoner/vedlikehold.

Statlig planretningslinje for klima- og energiplanlegging i kommunene.

Aksjonsgruppa ber om at det blir utarbeid klimaregnskap for tiltaket der særlig inngrep i myr, våtmark og kystlynghei blir spesielt vektlagt, men også at utslipp fra anleggsmaskiner, transport og bygningsmateriell tas med i regnskapet.

Retningslinje for behandling av luftkvalitet i arealplanlegginga. Da det ikke kommer klart fram hva for aktiviteter som kan bli etablert på området må det tas høyde for at det også kan komme bedrifter med utslipp til luft. **Planprogrammet må si noe om dette.** Ca 1 km SØ for industriområdet ligger bustad-/hyttefelt, og med ikke unormal vindretning fra NV vil dette boligfeltet bli berørt. Dette vil også skje dersom det blir etablert et lagringsområde for knuste steinmasser i vestre del av industriområdet.

### **Kommunale føringer**

I pkt 2.3 blir flere kommunale planer nevnt, vi vil kommentere et par av disse.

Kommunedelplan for vassforsyning og avløp 2017 – 2027. Når det gjelder vannforsyning så er det vel bare kommunalt vatn som er aktuelt. Overflatevatn fra nærliggende vannkilder kan ikke være noe

løsning, uansett hva for industri/bedrift som etablerer seg i området. Hvordan er vannforsyningen tenkt løst? Kommunalt anliggende? **Planprogrammet må si noe om hva som er planen for vannforsyningen og hvem som skal ta kostnadene med dette.**

